

Fra: Aarnes, Laila [<mailto:laila.aarnes@helse-forde.no>]

Sendt: onsdag 8. april 2020 11.24

## Emne: Korona-info frå hygienesjukepleiar Helse Førde

Hei!

Me prøver oss på ei siste info-runde før påske. Det strøymer sikkert over hjå dykk ihøve info, velmeinande kurs og tilbod om smittevernutstyr. Det kan vere vanskeleg å orientere seg i jungelen. Det har no vore mykje fokus på spesialutstyr og «high risk», men det hjelpe lite om ikkje grunnmuren - dei basale rutinane - er på plass. Ikkje gløym dette, for resistensproblematikken er ikkje vekke!! Arbeidsantrekk og bruk av plastforklede i stell, reine hender, rett hanskebruk og reinhald/desinfeksjon er sentrale stikkord.

Under har eg nokre punkt om ulike tema, og har de allerede har funne det – er jo det flott:

1. Flytskjema for testing som gjeld befolkninga og ansatte med pasientkontakt, som det kan være nyttig å benytte seg av:  
[https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/tema/koronavirussykdom/flytskjema\\_nyorsk.pdf](https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/tema/koronavirussykdom/flytskjema_nyorsk.pdf)
2. Verneutstyr i fellesareal - cohortavdelingar der pasientar ikkje er på rommet sitt: Me har i gruppa vår komme fram til at tilsette bør ha på seg fullt verneutstyr ute i fellesarealet dersom urolege pasientar vandrar ute i fellesarealet – det vil sei: munnbind, augevern, frakk med lange armar og hanskars. Hensynet til vern av helsearbeidarane veg tyngst. Her må de vere merksame på at dette personalet får ofte pausar (det er slitsomt å gå med dette verneutstyret over tid, men ikkje farleg). Ein må og vere merksan på å skifte hanskars undervegs og at ein ikkje nyttar same frakken inne på rommet og ute i fellesareal.
3. Heimesjukepleien: Forutan fokus på basale smittevernrutinar, er det lurt å gå igjennom rutinane dykker. Sjå på den mailen eg sende dykk tidlegare og som gjaldt heimesjukepleie og PU. Kort oppsummert: arbeidsklede, vaske ytterjakker, handhygiene og ingen handsmykker og klokker osv, rett hanskebruk. Her er ein artikkel i tidsskriftet «Sykepleien» som har nokre gode tips: <https://sykepleien.no/2020/03/hjemmesykepleie-mot-korona-delte-lokalene-med-teip?fbclid=IwAR2SWUqjg3vKfQ0K75ySraudg8nAFMyykqwmREV0Al0mOfgCDRWPcZWO-NI>
4. Tilbod om utstyr: **Ver kritisk til utstyret de får!** Får henvendinga som tyder på at de får same utstyr som me i HF. Her er mykje som ikkje tilfredsstiller krava og me brukar mykje tid på å sjekke det ut til tross for at det er levert ut frå Helse Vest. Tilsette må kunne stole på det utstyret me har. Nokre krav har me lempa på grunna mangelsituasjon og som ikkje går utover effekt og tryggleik. Det går meir på brukarvennlegheit. Eksempel:
  - a. Hånddsinfeksjon: Det viktige er alkoholprosent > 70 %. Godkjenning etter EN 1500 har me sett litt til sides då det angår testar som middelet har gjennomgått. Middelet bør innehalde glycerol for huda sin del. Døme frå oss: **Blåtind** – sjå vedlegg 1; dette kjeme me til å bruke når antibac er tom. Det er ok mht alkoholprsent og glycerol, men usikkert ihøve kor brukarvennleg det er (såre hender osv). Står i «krisekroken»
  - b. Hånddesinfeksjon HiBi Liquid – vedlegg 2: dette er kirurgisk hånddesinfeksjon og er absolutt effektivt og **kan brukast**, men er «hardt» for hendene og kan gi såre hender etter ei tids bruk. Står i «krisekroken»
  - c. Munnbind: Disposable medical mask – vedlegg 3: Dette har me ikkje fått god nok dokumentasjon på, dvs på fraktbrevet stod det type II, men ikkje på øskja og ikkje i

produktbeskrivinga. I tillegg sit det veldig dårleg på, eg måtte knyte ein knute for å gjere strikken kortare og då sit det bedre. Desse har me sett i «krisekroken» då me er **usikre på kvaliteten**

- d. Minner om krava til:
  - i. overflatedesinfeksjon: Godkjend av legemiddelverket
  - ii. Hanskar: Nitril eller latex med høgt skaft
  - iii. Munnbind type II, IIR eller EN 14683
  - iv. Frakk med lange armar – plast, tøy eller anna vanntett materiale. Viktig med strikk ved handledd
5. Oppdater dykk på FHI sine sider om korona, der er nye ting heile tida. Der er i lenke for [sjukeheim](#), ei for [heimetenesta](#) og ei for [fastlegar og legevakt](#)

Til slutt vil me ynskje dykk ei god påske, håpar den blir koronafri!

Vennleg helsing

**Laila Aarnes, Aina Helland og Lise Karin Sørensen**

Hygienesykepleier

/ +4799160226

Helse Førde HF

[www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)